



Sula kommune
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Deres ref.	Deres dato:	Vår ref.	Vår saksbehandler	Dato
24/9455		23/49155 - 77	Sbr_Navn - 712 80 239	07.06.2024

Områderegulering for Sulafjellet - motsegn

Fylkesutvalet har i møte 29.05.2024 fatta følgende vedtak i sak 97/24:

Vedtak:

1. Fylkesutvalet trekker motsegna som gjeld nyare tids kulturminne i framlegget til områderegulering for Sulafjellet.

2. Fylkesutvalet trekker motsegna når det gjeld omsynet til friluftsliv.

Grunngjeving: Fylkesutvalet meina at tiltaket ikkje vesentleg svekker ålmenta sin tilgang til å drive friluftsliv, tvert om vil fleire kunne kome ut i naturen gjennom god tilrettelegging for blant anna rørslehemma. Tiltaket vil og avlaste fleire nære og pressa turområde som Akslafjellet, Sukkertoppen og Spjelkavik/Emblemsfjellet. Vidare er tiltaket i tråd med planar om satsing på berekraftig reiseliv i fylket. Tiltaket vil og kunne føre til eit betra hurtigbåtsamband mellom Langevåg og Ålesund, noko som gjer det lettare for fleire i det tette byområdet i Ålesund, som då kan nytte Sulafjella til friluftsliv og rekreasjon i større grad utan bruk av bil.

Med hilsen

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
19.04.2024 23/49155- 15 Synnøve Valle

Saksnr.	Utval	Møtedato
97/24	Fylkesutvalet	29.05.2024

Områderegulering for Sulafjellet - motsegn

Fylkesutvalet 29.05.2024 - sak 97/24

Behandling

Endring punkt 2 sak 97/24 Sulafjellet, foreslått av Anders Riise, Høyre

Nytt pkt 2

Fylkesutvalet trekker motsegna når det gjeld omsynet til friluftsliv.

Grunngjeving: Fylkesutvalet meina at tiltaket ikkje vesentleg svekker ålmenta sin tilgang til å drive friluftsliv, tvert om vil fleire kunne kome ut i naturen gjennom god tilrettelegging for blant anna rørslehemma. Tiltaket vil og avlaste fleire nære og pressa turområde som Akslafjellet, Sukkertoppen og Spjelkavik/Emblemsfjellet. Vidare er tiltaket i tråd med planar om satsing på berekraftig reiseliv i fylket. Tiltaket vil og kunne føre til eit betra hurtigbåtsamband mellom Langevåg og Ålesund, noko som gjer det lettare for fleire i det tette byområdet i Ålesund, som då kan nytte Sulafjella til friluftsliv og rekreasjon i større grad utan bruk av bil.

Plansamordnar Johnny Loen svarte på spørsmål.

Votering nr 2 - Votering over alternativer

Punkt 2 i fylkeskommunedirektøren si innstilling: 5 stemmer (38%) - AP 3, MDG 1, V 1

Forslag om punkt 2 fremma av Anders Riise (H): 8 stemmer (62%) - FRP 3, H 2, KRF 1, SP 2

Votering nr 1 - Votering over alternativer

Alternativ: **Punkt 1 i fylkeskommunedirektøren si innstilling:**

For: 13 stemmer (100%) - AP 3, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Vedtak:

1. Fylkesutvalet trekker motsegna som gjeld nyare tids kulturminne i framlegget til områderegulering for Sulafjellet.

2. Fylkesutvalet trekker motsegna når det gjeld omsynet til friluftsliv.

Grunngjeving: Fylkesutvalet meina at tiltaket ikkje vesentleg svekker ålmenta sin tilgang til å drive friluftsliv, tvert om vil fleire kunne kome ut i naturen gjennom god tilrettelegging for blant anna rørslehemma. Tiltaket vil og avlaste fleire nære og pressa turområde som Akslafjellet, Sukkertoppen og Spjelkavik/Emblemsfjellet. Vidare er tiltaket i tråd med planar om satsing på berekraftig reiseliv i fylket. Tiltaket vil og kunne føre til eit betra hurtigbåtsamband mellom Langevåg og Ålesund, noko som gjer det lettare for fleire i det tette byområdet i Ålesund, som då kan nytte Sulafjella til friluftsliv og rekreasjon i større grad utan bruk av bil.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkesutvalet trekker motsegna som gjeld nyare tids kulturminne i framlegget til områderegulering for Sulafjellet.
2. Ved tredje gongs høyring er det ikkje gjort endringar som gir grunn for å trekke motsegna når det gjeld omsynet til friluftsliv. Bakgrunnen er at området har regional verdi og vi meiner at konsekvensane for ålmenta blir vesentleg forringa. Vi opprettheld derfor motsegna til planforslaget. Heimelen for motsegna er friluftslova sin § 22, jamfør § 1, jamfør også fylkesstrategi for miljø, klima og energi.

Bakgrunn

Saka gjeld tredje gongs høyring av framlegg til områdeplan for Sulafjellet. Målet med reguleringa er mellom anna å etablere ein gondol frå Devoldfabrikken i Langevåg opp til Rundehornet på Sulafjellet. Ved toppstasjonen skal det etablerast eit restaurantbygg. I

framlegget til områdeplan er det også planlagt bustader på toppen av Devoldfabrikken. Planen er omfattande og rører ved mange av fylkeskommunen sine ansvarsområde.

Ved første gongs høyring hadde vi innspel om friluftsliv, samferdsel, vassforvaltning og nyare tids kulturminne og vi hadde motsegn som gjaldt manglar i konsekvensutgreiinga og ut frå omsynet til ålmenne friluftsinteresser.

Ved andre gongs høyring hadde vi motsegn knytt til kulturminne (Devoldfabrikken/verneverdige bygg) og friluftsliv. Motsegna som gjaldt kulturminne omfatta ulike tiltak i og ved Devoldfabrikken, som er karakterisert som eit regionalt viktig kulturminne. Motsegna i høve friluftsliv er grunngjeve i at gondolen vil bryte med lokale, regionale og nasjonale interesser.

Ved tredje gongs høyring er det gjort endringar i føresegnene som gjeld byggehøgder, plassering av påbygg på Devoldfabrikken og plassering av byggegrense på parkeringsplassen nord for Devoldfabrikken. I denne tredje høyringa er det ikkje gjort endringar som gjer at vi kan trekke motsegna som gjaldt friluftsliv.

Vurdering

Kulturminne

I det reviderte framlegget er det gjort justeringar i føresegnene som betre ivaretak kulturmiljøverdiane ved Devoldfabrikken og området rundt. Dette inneber at det er klargjort kva bygningar som kan påbyggast, det er spesifisert ei maksimal kotehøgde for påbygga, og byggegrenser er innteikna på plankartet. Det er klargjort at det kan påbyggast bustader i ein etasje, og med ein arkitektur som harmonerer med resten av bygningen.

Vidare er det gjort justeringar i byggegrensa på parkeringsplassen nord for Devoldfabrikken, og det er klargjort kva tiltak som kan gjennomførast her. Vi vurderer at planen ivaretak dei regionale kulturmiljøverdiane på ein tilfredsstillande måte.

Etter ei samla vurdering kan vi trekke motsegna knytt til kulturmiljø.

Friluftsliv

Etablering av gondol på Sulafjellet vil etter fylkeskommunen si vurdering bryte med både lokale, regionale og nasjonale interesser når det gjeld friluftslivet. Dømes på dette er:

- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2010-2013 som mellom anna har følgande hovudmål og delmål: "Sula skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundsregionen med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet."» "...areal som i dag ligg nærest urørte, må bli bevarte utan inngrep og arealbruksendringar som kan forringe verdien for natur- og friluftsaktivitetar"
- Sula kommune har kartlagt og verdsett sine friluftslivsområde etter Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013. Dette arbeidet stadfestar at Sulafjellet utgjer det einaste større,

samanhengande markaområdet i kommunen. Også for nabokommunen Ålesund er området viktig i så måte, og reiseavstanden til alternative område av same kvalitet er vesentleg.

- I stortingsmeldinga "Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet" (Meld. St. 18 (2015-2016) heiter det: «For at det i fremtiden fortsatt skal være attraktive fjellområder nær de store byene, slik at det ikke blir nødvendig å reise langt for å oppleve fjellnaturen, er det viktig at disse områdene forvaltes langsiktig av kommunene. Regjeringen mener det er svært viktig å ivareta større og sammenhengende friluftsområder i fjellet nær storbyene, både i et kort og langt perspektiv.»

Etablering av ein gondolbane vil medføre at det nære, snaufjellsprega markaområdet for svært mange menneske, ikkje lenger framstår utan større inngrep. Området er i dag nytta av mange som ikkje har moglegheit til, eller ønsker å reise langt, for å oppleve snaufjellet. Bygging av gondolbane opnar på sett og vis for ei ny brukargruppe, men også for ein ny type bruk, som ikkje nødvendigvis er friluftsrelatert. Dagens brukarar vil miste mykje av kvalitetane i sitt markaområde. Erfaring viser at også gondolbanar er kostbare å nytte. Dette vil gi sosiale skilnader i bruken. I denne samanhengen viser vi også til reguleringsføresegnene, som seier at formålet med planen er å «skape eit godt utgangspunkt for utvida, heilårleg friluftstilbod på Sulafjellet, for alle aldrar og meistringsnivå». Tiltaket vil nok utvide friluftslivstilbodet til nokre få, men endre det vesentleg og redusere det for mange fleire.

Friluftslova seier noko om oppgåver som er lagt til fylkeskommunen innanfor friluftslivsfeltet: Kommunen og fylkeskommunen har rett til å opptre, klage og i tilfelle reise søksmål for å ivareta ålmenta sine interesser i alle saker av interesse for friluftslivet, jf. § 22. Friluftslova sitt føremål er også relevant her (§ 1): "Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes".

Ved andre gongs høyring vart det samla planområdet redusert, ved at alpinanlegg, permanent veg frå mellomstasjon til Rundehornet og tiltak ved Gamlestølen utgår. Dette reduserer dei samla inngrepa. Erfaring frå ei rekke andre saker, tilseier likevel at det over tid kan kome initiativ til nye inngrep når ein først har opna eit område for tilrettelegging.

På bakgrunn i at kommunen har kartlagt dette området som kommunen sitt einaste markaområde, med områdeomtale som større snaufjellsområde, og at det er verdsett som svært viktig med stor bruksfrekvens, meiner vi at tiltaket går på tvers av lokale, regionale og nasjonale føringer for arealdisponering. Dette var grunnen til at Møre og Romsdal fylkeskommune reiste motsegn til planframleggelsen. Heimelen for motsegna er friluftslova sin § 22, jamfør § 1, jamfør også fylkesstrategi for miljø, klima og energi. Ved tredje gongs høyring er det ikkje gjort endringar som gir grunn for å trekke motsegna og vi opprettheld derfor motsegna til planforslaget.

Økonomiske konsekvensar

Ingen.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Gunn Randi Seime
ass. fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Områdeplan for Sulafjellet - første gongs offentleg ettersyn

Områdeplan for Sulafjellet - andre gongs offentleg ettersyn